



Kålås & Sønn Byggevarehandel AS
Sauvågen 83
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4478 - 16/21401

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
10.08.2016

Bortfall av løyve til etablering av 8 stk naust, nord - 195/10 Leiknes

Det vert vist til vedtak datert 26.09.2012 (sak 2012/1198) vedkomande etablering av 8 stk naust (nord) på gbnr 195/10. Det vert også vist til hyggeleg samtale med ansvarleg søkjar og ansvarleg utførande for tømmerarbeid i dag.

Kommunen var på synfaring på eigedommen tidlegare i år. Eigedommen var grovplanert i samsvar med løyve av 16.09.2015 (sak 2012/351), men det var ikkje utført noko betongarbeider eller andre arbeider knytt til nausta. Etter synfaring i dag den 10.08.2016 har vi sett at det no er sett opp ringmur med støpt plate, og at tømmerarbeida er påbegynt.

Kålås & Sønn Byggevarehandel AS kunne opplyse om at dei ikkje hadde levert noko materiale eller utført noko arbeider på staden knytt til nausta.

Det følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-9 at løyvet fell vekk dersom tiltaket ikkje er sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn 2 år. Desse reglane gjeld tilsvarande for dispensasjon. Fristane er absolutte og kan ikkje forlengast. Tiltaket som det er gjeve løyve til i vedtak datert 26.09.2012 har gått ut på dato og fell dermed vekk. Det må eventuelt bli sendt inn ny søknad om tiltaket etter pbl §§ 20-1, 20-2 m.fl om nausta skal førast opp.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar



Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Leknes Bygge v/Vidar Bernes Kvassnesveien 11 5914 ISDALSTØ

Mottakarar:

Kålås & Sønn Byggevarehandel AS Sauvågen 83 5915 HJELMÅS